

Alver Kommune

5914 ISDALSTØ



Nils Markus Bakke

Fjellangersvingane 147

5955 Lindås

Saksnr: 22/2558-26797

Tilbakemelding etter synfaring

Viser til brev datert 04.04.22, kor Dykk ynskjer ei utgreiing angående mottaket av knust betong, som er nytta til å byggja skogsveg, og skal nyttast til vidare å byggja skogsvegen lengre.

Eg har fått løyve frå Alver Kommune, til å ta imot knust betong for å kunne nytte den til å byggje skogsveg. Ein av forrutsetnadene for løyvet, er at betongen er dokumentert å vera rein. Vedlagt ligg analyseresultata som syner at alle masser er prøvetatt og funnet å vere reine masser.

Eg har tatt imot den mengden knust betong som eg har behov for, så mottaket av masser er avslutta og det vil såleis ikkje komme meir knust betong enn dei massane De vart framvist under synfaringa.

Før jul, starta eg opp arbeidet med å byggja skogsvegen av nemde masser. Som Dykk såg på synfaringa, er det ein høgt belasta fylkesveg som krysser skogeigedommen min, og det er forbundet med fare å krysse den, slik me har smerteleg erfart, ved at far min vart påkjørt her. No er det ungane mine som må krysse denne vegen. Hovudfokuset mitt har då vore å lede skogsvegen til undergangstunnellen som vegvesenet byggde. Dette gjorde eg som eit trafikksikringstiltak for meg, borna mine og resten av bygda, som nyttar skogområda til turområdet. I Januar var eg innom landbrukskontoret i anna ærend. Her fortalde eg stolt at no er eg i gang med å byggje skogsvegen så alle kan kryssa fylkesvegen på ein trygg måte utan å risikera livet.

Eg vart då opplyst om at reglane for å byggja skogsveg var vorte endra, og at landbruksveg som eg tidlegare har kunnet byggja utan byggjeløyve, no var vorte søknadspliktig. Denne endringa var eg ikkje klar over, men eg tok sjølvstakt tak i det med ein gong når eg var gjort oppmerksom på det, og leverte søknad om bygging av skogsvegen omgåande, den 13 Januar, fleire mnd før NMF melde ifrå. Denne søknaden er å finne i kommunens sitt system.

Under synfaringa den 01.04.2022, kunne ein sjå at arbeidet med vegen var i annleggsfasen. Eg hadde såleis ikkje komt nemneverdig i gang med opprydding og tilstelling. Som det fremkommer i løyvet til

mottak av knust betong, er det tillete med 2 % fremmedlegemer i betongen, som rester av armeringsjern m.m. Ettersom synfaringa var midt i annleggsfasen, kunne ein då sjå ein del fremmedlegemer som stakk ut av vegmassane. Dette ynskjer eg sjølvsagt ikkje å ha liggande der, eg hadde rett og slett ikkje komen så langt på det tidspunktet. Dette er no rydda vekk, og sjølv om vegen endå ikkje er ferdigstillt med toppdekke av grus, kan ein no etter at eg har rydda og retta av med finare knust betong sjå at vegen er fri for uønska fremmedlegemer.

I vinter følte eg på at oppfølginga på jordtippen ikkje var god nok. Eg bestemte meg derfor for å gjere tiltak for å få full kontroll på jordtippen. Eg enda med at det var inga annan måte å få det til på enn å slutta i anna arbeid. Så då gjorde eg det, og eg hadde siste dag av oppsigelsestida mi faktisk den dagen synfaringa var på. Dette tiltaket gjorde at eg no kan ha ein god oppfølging av arbeidet her. Som eige kontrollpunkt tek eg vassprøver av sigevatnet frå bunnen av jordtippen, analyseresultat ligg vedlagt.

Vidare ynskje eg å nemna at på sørsiden av fylkesvegen, har eg vore mykje plaga med at private dumper avfallet sitt, alt ifrå hageavfall og hushaldningsavfall til takstein. Dette har eg tatt tak i, ved å plukka det opp og levere det i kjevikdalen. Videre har eg byrja stelle til området. Tanken her er at om området fremstår ryddig og fint, så vil uvedkommende i mindre grad dumpe avfall her. Vedlagt ligg bilder av avfall eg har rydda og fjerna frå området.

Vedlagt ligg:

- Løyve til mottak av knust betong
- Løyve til jordtippen
- Analyseresultat vassprøve frå jordtippen
- Analyseresultater frå betongprøver
- Dokumentasjon for mengde mottatt betong og kvar eg har tatt imot betong ifrå, kjem frem i vedlagte mailer.
- Uttale frå Statens vegvesen
- Bildedokumentasjon av avfall som er rydda og levert i Kjevikdalen.
- Søknad om landbruksvegen er levert landbrukskontoret i kommunen på papir, denne får De tak i der lettast sjølve.

Med venleg helsing

Nils Markus Bakke